

**Møteinnkalling**

<b>Utval:</b>	<b>Valnemnda</b>
<b>Møtestad:</b>	, Videomøte
<b>Dato:</b>	08.06.2020
<b>Tid:</b>	13:00

**Program:**

Kl. 13 :00 - Saksbehandling

**Melding om forfall:**

Alle medlemmer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Valnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Natalia Golis

utvalsleiar

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 11/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 12/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 12. mai 2020	2020/49273	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 1/20	Oppnemning av kandidatar til styret i seks HFK Bussanlegg-selskap	2019/11	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 16/20	Søknad om midlertidig fritak - Torill Selsvold Nyborg	2019/11	
PS 17/20	Søknad om midlertidig fritak - Bjørlo (V) - suppleringsval	2019/11	
PS 18/20	Val til styre m.m. i selskap, stiftingar og verneområdestyre - valperioden 2019-2023	2019/11	
PS 19/20	Oppnemning av kandidatar til styret i Valen Kraftverk AS	2019/11	
PS 20/20	Val av representant til hovudkomitè for U23 EM i friidrett i Bergen i 2021	2019/11	

## **Godkjenningssaker**

**GK 11/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

---

Saksnr: 2020/49273-4  
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	12/20	08.06.2020

**Godkjenning av møteprotokoll frå møte 12. mai 2020**

Møteprotokoll frå møte i valnemnda 12. mai 2020 ligg ved saka.

Vedlegg:  
Møteprotokoll frå valnemnda 12. mai 2020

## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	<b>Valnemnda</b>
<b>Møtestad:</b>	Videomøte
<b>Dato:</b>	12.05.2020
<b>Tid:</b>	08:00-09:45

### Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Natalia Antonia Golis	Leiar	MDG
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Jenny Ellaug Følling	Medlem	SP
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Arve Helle	Medlem	A
Marthe Hammer	Medlem	SV
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Alfred Jens Bjørlo	Medlem	V
Silja Ekeland Bjørkly	Nestleiar	H
Noralv Distad	Medlem	H
Trym Helge Aafløy	Medlem	FNB
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP
Jeanette Onarheim Syversen	Medlem	R

### Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Jannicke Bergesen Clarke	Medlem	A

### Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Jannicke Bergesen Clarke	A

### Merknader

### Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bertil Søfteland	Leiar politisk sekretariat
Petter Lem Gullestad	Spesialrådgjevar/møtesekretær

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 9/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 10/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 4. mai 2020	2020/49273	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 11/20	Val til styre og representantskap i selskap, stiftingar og råd m.m. - valperioden 2019-2023	2019/11	
PS 12/20	Val til styre og representantskap i selskap, stiftingar og råd m.m. - valperioden 2019-2023 - tilleggssak	2019/11	
PS 13/20	Moster 2024 AS. Oppneming til valkomite	2020/861	
PS 14/20	Søknad om midlertidig fritak	2020/49803	
PS 15/20	Val av medlem og varamedlem til Nordsjøkommisjonen - tematisk gruppe Smarte regioner	2020/49803	

## **Godkjenningssaker**

### **GK 9/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

Møteinnkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

### **GK 10/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 4. mai 2020**

Møteprotokoll frå møte 4. mai 2020 vart godkjend utan merknader.

# PS 11/20 Val til styre og representantskap i selskap, stiftingar og råd m.m. - valperioden 2019-2023

## Forslag til innstilling

### 1. Val til styre i stiftingar

#### Førde Internasjonale folkemusikkfestival – styret:

Medlem (styreleiar):

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

#### Stiftinga Singerheimen – styret:

Medlem:

Varamedlem.

Medlem:

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

#### Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling – styret:

Medlem (leiar):

Medlem (nestleiar):

Medlem:

### 2. Val til ulike utval, styre, råd og organisasjonar m.m.

#### K1 Høyanger Styringsgruppe:

Medlem:

Varamedlem:



### 3. Forslag om medlemmar til styre eller valnemnd i selskap

#### Bybanen AS - valnemnda

Medlem:

Medlem:

Medlem:

#### Carte Blanche AS - styret

Medlem (statleg):

#### Ferde AS – valnemnda og styret

Valnemnda:

Medlem:

Styret:

Medlem:

Medlem:

Varamedlem:

#### Skyttel AS – valnemnda og styret

Valnemnda:

Medlem:

Styret:

Medlem:

Medlem:

Varamedlem:

#### Sogn og Fjordane Fondet AS – styret

Medlem:

#### **Saksprotokoll 04.05.2020 - valnemnda**

**Natalia Golis (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Saka vart utsett.»

#### **Avrøysting**

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Saka vart utsett.

### **Saksprotokoll 12.05.2020 - valnemnda**

Silja Ekeland Bjørkly (H) gjekk frå under behandlinga av val til valnemnd i Bybanen AS då ho er styremedlem i Bybanen AS.

Terje Søviknes (Frp) gjekk frå under behandling av val til valnemnd i Bybanen AS då han var innstilt som medlem.

Natalia Golis (MDG) gjekk frå under behandling av val til valnemnd i Ferde AS då ho var innstilt som medlem i valnemnda.

Anne Gine Hestetun (A) gjekk frå under behandling av val til styret i Ferde AS då ho var innstilt som medlem.

Natalia Golis (MDG) gjekk frå under behandling av val til valnemnd i Skyttel AS då ho var innstilt som medlem.

Ei samla valnemnd la fram slikt forslag:

#### 1. Val til styre i stiftingar

##### **Førde Internasjonale folkemusikkfestival – styret**

Styret  
Medlem (styreleiar)  
Varamedlem:  
Medlem:  
Varamedlem:  
Medlem:  
Varamedlem:

Saka vert utsett.

##### **Stiftinga Singerheimen –styret**

Medlem:  
Varamedlem:  
Medlem:  
Varamedlem:  
Medlem:  
Varamedlem:  
Medlem:  
Varamedlem:  
Medlem:  
Varamedlem:

Saka vert utsett.

##### **Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling - styret**

Medlem (leiar):	Nils Støyva
Medlem (nestleiar):	Karen Marie Hjelmeseter
Medlem	Gitle Sande

## 2. Val til ulike utval, styre, råd og organisasjonar m.m.

### K1 Høyanger Styringsgruppe

Medlem: Anne Lilleaasen  
Varamedlem: Arve Helle

## 3. Forslag om medlemar til styre eller valnemnd i selskap

### Bybanen AS - valnemnda

Medlem: Jon Askeland  
Medlem: Terje Søviknes  
Medlem: Jannicke Clarke

### Carte Blanche AS - styret

Medlem (statleg): Susanne Bjørneboe

### Ferde AS - valnemnda og styret

#### Valnemnda

Medlem: Natalia A. Golis

#### Styret

Medlem: Anne Gine Hestetun  
Medlem: Lise Marie Haugen  
Varamedlem: Tom Georg Indrevik

### Skyttel AS - valnemnda og styret

#### Valnemnda

Medlem: Natalia A. Golis

#### Styret

Medlem:  
Medlem:  
Varamedlem:

Val av styret vert utsett.

### Sogn og Fjordane Fondet AS - styret

Medlem:

Fylkesrådmannen får fullmakt til å oppnemne medlem til styret.

### Avrøysting

Forslaget vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

## Innstilling til fylkestinget

### 1. Val til styre i stiftingar

#### Førde Internasjonale folkemusikkfestival – styret

Styret  
Medlem (styreleiar)  
Varamedlem:  
Medlem:  
Varamedlem:

Medlem:  
Varamedlem:

Saka vert utsett.

### **Stiftinga Singerheimen –styret**

Medlem:  
Varamedlem:  
Medlem:  
Varamedlem:  
Medlem:  
Varamedlem:  
Medlem:  
Varamedlem:  
Medlem:  
Varamedlem:

Saka vert utsett.

### **Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling - styret**

Medlem (leiar): Nils Støyva  
Medlem (nestleiar): Karen Marie Hjelmeseter  
Medlem Gitle Sande

## **2. Val til ulike utval, styre, råd og organisasjonar m.m.**

### **K1 Høyanger Styringsgruppe**

Medlem: Anne Lilleaasen  
Varamedlem: Arve Helle

## **3. Forslag om medlemar til styre eller valnemnd i selskap**

### **Bybanen AS - valnemnda**

Medlem: Jon Askeland  
Medlem: Terje Søviknes  
Medlem: Jannicke Clarke

### **Carte Blanche AS - styret**

Medlem (statleg): Susanne Bjørneboe

### **Ferde AS - valnemnda og styret**

#### **Valnemnda**

Medlem: Natalia A. Golis

#### **Styret**

Medlem: Anne Gine Hestetun  
Medlem: Lise Marie Haugen  
Varamedlem: Tom Georg Indrevik

### **Skyttel AS - valnemnda og styret**

#### **Valnemnda**

Medlem: Natalia A. Golis

#### **Styret**

Medlem:  
Medlem:  
Varamedlem:

Val av styret vert utsett.

### **Sogn og Fjordane Fondet AS - styret**

Medlem:

Fylkesrådmannen får fullmakt til å oppnemne medlem til styret.

## **PS 12/20 Val til styre og representantskap i selskap, stiftingar og råd m.m. - valperioden 2019-2023 - tilleggssak**

### **Forslag til innstilling**

#### **1. Innstilling til ulike utval, styre, råd og organisasjonar m.m.**

##### Vest Norges Brusselkontor – valnemnda

Medlem:

Medlem:

#### **2. Forslag om medlemar til styret i aksjeselskap**

##### Kommunekraft AS - styret

Medlem:

Varamedlem:

### **Saksprotokoll 04.05.2020 - valnemnda**

**Natalia Golis (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Saka vart utsett.»

#### **Avrøysting**

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Saka vart utsett.

### **Saksprotokoll 12.05.2020 - valnemnda**

**Norlv Distad (H)** trådte frå ved behandling av val til «Kommunekraft AS - styret» då han var innstilt som varamedlem.

Ei samla valnemnd la fram slikt forslag:

1. Innstilling til ulike utval, styre, råd og organisasjonar m.m.

#### **Vest Norges Brusselkontor - valnemnda**

Medlem: Jon Askeland  
Medlem: Silja Ekeland Bjørkly

2. Forslag om medleamar til styret i aksjeselskap

#### **Kommunekraft AS - styret**

Medlem: Sigrid Brattebø Handegard  
Varamedlem: Noralv Distad

#### **Avrøysting**

Forslaget vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling til fylkestinget**

1. Innstilling til ulike utval, styre, råd og organisasjonar m.m.

#### **Vest Norges Brusselkontor - valnemnda**

Medlem: Jon Askeland  
Medlem: Silja Ekeland Bjørkly

2. Forslag om medleamar til styret i aksjeselskap

#### **Kommunekraft AS - styret**

Medlem: Sigrid Brattebø Handegard  
Varamedlem: Noralv Distad

#### **PS 13/20 Moster 2024 AS. Oppneming til valkomite**

Forslag til vedtak

1. Fylkestinget vel eit medlem og eit varamedlem til valkomiteen for Moster 2024 AS.
2. Vestland fylkeskommune sitt medlem i valkomiteen for Moster 2024 AS er....
3. Vestland fylkeskommune sitt varamedlem i valkomiteen for Moster 2024 AS er...

#### **Saksprotokoll 04.05.2020 - valnemnda**

**Natalia Golis (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Saka vart utsett.»

#### **Avrøysting**

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Saka vart utsett.

### **Saksprotokoll 12.05.2020 - valnemnda**

Ei samla valnemnd la fram slikt forslag:

1. Fylkestinget vel eit medlem og eit varamedlem til valkomiteen for Moster 2024 AS.
2. Medlem: Jarle Jacobsen
3. Varamedlem: Svein Halleraker

### **Avrøysting**

Forslaget vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget vel eit medlem og eit varamedlem til valkomiteen for Moster 2024 AS.
2. Medlem: Jarle Jacobsen
3. Varamedlem: Svein Halleraker

### **PS 14/20 Søknad om midlertidig fritak**

#### **Saksprotokoll 12.05.2020 - valnemnda**

**Natalia Golis (MDG)** sette på vegner av ei samla valnemnd fram slikt forslag:

«Gunhild Berge Stang vert innvilga midlertidig fritak i samsvar med søknad.»

### **Avrøysting**

Forslaget vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

Gunhild Berge Stang vert innvilga midlertidig fritak i samsvar med søknad.

### **Protokollmerknad frå Alfred Bjørlo (V):**

«I den framlagde saka framgår det ikkje opplysingar om kva saka gjeld i sjølve saksutgreiinga. All informasjon er lagt i vedlegg. For framtida må saksframlegg utformast slik at det er mulig å forstå kva saka gjeld ved å lese saksutgreiinga.»

### **PS 15/20 Val av medlem og varamedlem til Nordsjøkommisjonen - tematisk gruppe Smarte regioner**

#### **Saksprotokoll 12.05.2020 - valnemnda**

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette fram slikt forslag:

«Nytt medlem: Helge Stormoen

Nytt varamedlem: Silja Ekeland Bjørkly»

### **Avrøysting**

Ekeland Bjørkly sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkestinget**

Nytt medlem: Helge Stormoen

Nytt varamedlem: Silja Ekeland Bjørkly



---

**Saknr:** 2019/11-26  
**Saksbehandlar** Signe Gudveig Rauboti  
**Dato:** 11.05.2020

---

---

**Til:** Valnemda  
Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Oppnemning av kandidatar til styret i seks HFK Bussanlegg-selskap

Vestland fylkeskommune har ansvar for å velje eller føreslå medlemar til ein del eksterne organ, t.d. styret i ulike aksjeselskap. Sjå Vestland fylkeskommune sitt valregister for ei oversikt over gjennomførte val fram til no: <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/politikk/valregister-2019-2023.pdf>

For fylkeskommunen står det no m.a. att å føreslå medlemar til styret i seks bussanlegg-selskap. Sidan selskapa er heileigde av fylkeskommunen (fylkeskommunen eig hundre prosent av aksjane i morselskapet til fem bussanlegg-selskap), utgjer fylkesordføraren generalforsamlinga, som vel styra i selskapa.

Dei seks bussanlegg-selskapa er:  
HFK Bussanlegg AS (morselskap)  
HFK Bussanlegg Fana AS  
HFK Bussanlegg Knarvik AS  
HFK Bussanlegg Lonevåg AS  
HFK Bussanlegg Mannsverk AS  
HFK Bussanlegg Straume AS

I Hordaland fylkeskommune var det fylkesrådmannen som kom med framlegg på styremedlemer til desse selskapa. Styra vart såleis samansett av fagpersonar frå administrasjonen.

Fylkesrådmannen legg opp til å halde fram denne praksisen i Vestland fylkeskommune. Dersom fylkestinget er usamd i dette, kan tinget sjølvsgagt sjølv gjere vala, jf. pkt. 2.4.6. i reglementet for fylkestinget.

### *Kort om selskapa:*

HFK Bussanlegg AS sitt føremål er direkte eller indirekte å eige bussanlegg i Hordaland for å tilrettelegge for konkurranseutsetting av kollektivtrafikken. Selskapet er av allmennyttig karakter og skal ikkje dele ut utbytte. Eigendelane i selskapet og ressursar genererte gjennom verksemda, skal brukast til selskapet sitt føremål.

Dei fem dotterselskapa har tilsvarande føremål, men indirekte eigarskap er ikkje nemnt som del av føremålet for desse.

Selskapa er altså primært reine tekniske innrettingar som leiger ut eigedom til operatørane.

---

Saksnr: 2019/11-36  
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	16/20	08.06.2020
Fylkestinget	74/20	09.06.2020

**Søknad om midlertidig fritak - Torill Selsvold Nyborg**

Forslag til innstilling

Torill Selsvold Nyborg vert innvilga midlertidig fritak i tråd med søknad.

**Samandrag**

Torill Selsvold Nyborg har søkt om midlertidig fritak frå sitt verv som vararepresentant i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune. Bakgrunnen for søknaden er at Selsvold Nyborg er kalla inn som fast representant i Stortinget for Krf og Knut Arild Hareide, i den tida han er statsråd i Regjeringa. Fylkesrådmannen rår til at søknaden vert innvilga.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Torill Selsvold Nyborg har ved e-post 22. mai 2020 søkt om midlertidig fritak frå sitt verv som vararepresentant i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer vedtak, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.6.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

Vurdering av søknad om midlertidig fritak

Torill Selsvold Nyborg (Krf) er kalla inn som fast representant i Stortinget for Krf og Knut Arild Hareide i den tida han er statsråd i regjeringa.

Selsvold Nyborg er vararepresentant i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.

Kommunelova § 7-9 regulerer uttreden og fritak. I andre ledd heiter det:

«Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt. Den som ikke har nådd stemmerettsalderen, har krav på fritak hvis han eller hun søker om det.»

Av førearbeida (Prop. 46 L (2017-2018)) er om vurderinga sagt at det ikkje skal vere kurant å få fritak. Vidare at vurderinga først og fremst gjeld tilhøve knytt til den folkevalde si helsetilstand, arbeidshøve, familiehøve og andre sterke velferdsgrunnar.

I dette høve er den folkevalde kalla inn til å møte som fast representant i Stortinget. Dette er eit omfattande og krevjande verv. Selsvold Nyborg er varamedlem i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune. Etter fylkesrådmannen si vurdering er det ikkje arbeidsmengda, men arbeidssituasjonen med stor reiseavstand som her vil vere grunnlag for å innvilge midlertidig fritak. Fylkesrådmannen finn at vilkåret for midlertidig fritak er oppfylt. Fritaket gjeld inntil vervet som representant på Stortinget opphøyrer.

Konklusjon

Fylkesrådmannen finn at vilkåra for midlertidig fritak er oppfylt, og rår til at søknaden vert innvilga.

---

Saksnr: 2019/11-38  
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	17/20	08.06.2020
Fylkestinget	75/20	09.06.2020

**Søknad om midlertidig fritak - Bjørlo (V) - suppleringsval**

Forslag til innstilling

1. Alfred Bjørlo (V) vert innvilga midlertidig fritak frå sitt verv som medlem/nestleiar i hovudutval for kultur, idrett og integrering i tråd med søknad.
2. Som midlertidig 3. vara til fylkesutvalet, finansutvalet, planutvalet og fylkesvalstyret vert vald: Geir Kjell Andersland
3. Som midlertidig 3. vara til hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon vert vald: Åsta Årøen
4. Som midlertidig 3. vara til hovudutval for kultur, idrett og integrering vert vald: Torstein Tvinnereim

Samandrag

Alfred Bjørlo (V) har søkt om midlertidig fritak frå sitt verv som medlem/nestleiar i hovudutval for kultur, idrett og integrering. Bjørlo har rykka opp som fast møtande medlem i fleire folkevalde organ i Gunhild Berge Stang sin fritaksperiode. Bjørlo grunngjev sin søknad med hans samla arbeidsbelastning med folkevalde verv i kommune og fylke. Bjørlo ber om midlertidig fritak så lenge Berge Stang er statssekretær/har midlertidig fritak.

Bjørlo har på vegner av Venstre foreslått nye varamedlemer til fleire folkevalde organ, som følgje fritakssøknader og opprykk.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg: Søknad frå Alfred Bjørlo

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gunhild Berge Stang vart i sak PS 31/20 i fylkestinget 12. mai innvilga midlertidig fritak frå alle sine verv som folkevald i Vestland fylkeskommune. Fritaket gjeld så lenge ho er statssekretær.

Som følgje av dette har Alfred Bjørlo rykka opp som fast møtande medlem i fylkesutvalet, finansutvalet, planutvalet og fylkesvalstyret.

Bjørlo har ved e-post datert 2. juni 2020 bede om fritak frå sitt verv som medlem/nestleiar i hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Bjørlo grunngjev sin søknad med hans samla arbeidsbelastning med folkevalde verv i kommune og fylke. Bjørlo viser i tillegg til gjeldande prinsipp om at medlemmer i fylkesutvalet ikkje skal vere leiar/nestleiar i faste utval. Bjørlo ber om midlertidig fritak så lenge Berge Stang er statssekretær/har midlertidig fritak.

Bjørlo ber på vegner av Venstre samstundes om at det vert gjort suppleringsval av varalister til fleire folkevalde organ.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer vedtak, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.6.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

Søknad om midlertidig fritak

Av kommunelova § 7-9 følgjer:

«Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt.»

Av førearbeida (Prop. 46 L (2017-2018) er om vurderinga sagt at det ikkje skal vere kurant å få fritak. Vidare at vurderinga først og fremst gjeld tilhøve knytt til den folkevalde si helsetilstand, arbeidshøve, familiehøve og andre sterke velferdsgrunnar.

I Vestland fylkeskommune møter Bjørlo no som fast medlem i fylkestinget, valnemnda, fylkesutvalet, planutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret. Bjørlo er møter og som medlem/nestleiar i hovudutval for kultur, idrett og integrering. I tillegg til dei folkevalde verva i Vestland fylkeskommune, er Bjørlo ordførar i Stad kommune.

I saksframlegg for fylkestinget 15. oktober 2019, sak PS 8/19, heiter det om val av medlemmer til hovudutvala:

«Alle medlemene i fylkesutvalet, med unntak av fylkesordførar og fylkesvaraordførarar skal og vere medlem i eit hovudutval. Medlem i hovudutval som og sitt i fylkesutvalet kan ikkje bli vald som leiar av utvalet.»

I forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune følgjer av § 2-5 (2):

«Som fylkesutvalsmedlem vert ein frikjøpt med grunnlag i 50 % av berekningsgrunnlaget. Funksjonen som fylkesutvalsmedlem inneber at ein og sit i eit hovudutval. Godtgjersla som

fylkesutvalsmedlem skal òg dekke rolla som hovudutvalsmedlem. Fylkesutvalsmedlemene får difor ikkje fast godtgjersle som hovudutvalsmedlem, møtegodtgjersle eller vederlag for tapt arbeidsinntekt for møte i hovudutvala. Viss ein vert nestleiar i eit hovudutval får ein ei ytterlegare godtgjersle på 5 % av grunnlaget.»

Ei eventuell innvilging av fritak i dette høve, vil ikkje vere i tråd med prinsippet i Vestland fylkeskommune om at fylkesutvalsmedlem òg skal vere medlem i eit hovudutval. Fylkesrådmannen finn likevel at vilkåret for å innvilge fritak etter kommunelova § 7-9 er oppfylt, ut i frå ei vurdering av Bjørlo si totale arbeidsbelastning. For ordens skuld slår fylkesrådmannen fast at opprykk i Berge Stang sitt fråvær ikkje var kjent for Bjørlo då han stilte til val. Fylkesrådmannen vil rå til at Bjørlo vert innvilga fritak frå sitt verv som medlem/nestleiar i hovudutval for kultur, idrett og integrering så lenge Berge Stang har fritak frå sine verv.

#### Suppleringsval

Om suppleringsval heiter det i kommunelova § 7-10 (6):

«Hvis antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ som er valgt av kommunestyret eller fylkestinget, er blitt for lavt, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer.»

Og vidare i kommunelova § 7-10 (7):

«Ved .. suppleringsvalg etter sjette ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen informerer deretter kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som velger den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt. ... Ved suppleringsvalg etter sjette ledd skal det nyvalgte varamedlemmet plasseres nederst på listen over varamedlemmer.»

Fylkesrådmannen finn at vilkåra for å velje nye faste eller midlertidige varamedlem er oppfylt. I og med at det er midlertidige fritak som er bakgrunn for trongen for nye varamedlemmer, vil fylkesrådmannen rå til at varamedlemene vert vald midlertidig med same varigheit som fritakssøknad for Berge Stang og Bjørlo.

Bjørlo har på vegner av Venstre foreslått slike suppleringsval:

Ny 3. vara til fylkesutvalet, finansutvalet, planutvalet og fylkesvalstyret: Geir Kjell Andersland  
Ny 3. vara til hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon: Åsta Årøen  
Ny 3. vara til hovudutval for kultur, idrett og integrering: Torstein Tvinnereim

Med desse suppleringsvala vert ikkje kjønnsfordelinga på varalistene endra i noko utval.

#### Konklusjon

Fylkesrådmannen finn at vilkåra for å innvilge midlertidig fritak er innvilga. Fylkesrådmannen rår til at det vert vald midlertidige varamedlemmer i tråd med forslaget frå Bjørlo.

**Fra:** Politisk (Politisk@vlfk.no)

**Sendt:** 02.06.2020 08:08:32

**Til:** Bertil Søfteland

**Kopi:** Petter Lem Gullestad; Natalia Antonia Golis

**Emne:** VS: Søknad om permisjon og suppleringsval Venstre

**Vedlegg:**

---

**Fra:** Alfred Jens Bjørlo

**Sendt:** tirsdag 2. juni 2020 08:04

**Til:** Jon Askeland <Jon.Askeland@vlfk.no>; Politisk <Politisk@vlfk.no>

**Kopi:** Rune Haugsdal <Rune.Haugsdal@vlfk.no>

**Emne:** Søknad om permisjon og suppleringsval Venstre

*Til Vestland fylkeskommune v/ Fylkesordførar*

Eg syner til sak 31/20 i Fylkestinget 12. mai, der Gunhild Berge Stang fekk innvilga midlertidig fritak frå alle politiske verv i Vestland fylkeskommune i samband med utnemning til Statssekretær.

Underteikna har som følgje av dette rykka opp som fast møtande medlem i Fylkesutval/Finansutval/Planutval i Gunhild Berge Stang sin permisjonsperiode.

Eg ber - på grunnlag av samla arbeidsbelastning med folkevalde verv i kommune og fylke i tillegg til gjeldande prinsipp om at medlemmer i Fylkesutvalet ikkje skal vere leiar/nestleiar i faste utval - ut frå dette om å få permisjon frå vervet som medlem og nestleiar i Hovudutval Kultur i perioden Gunhild Berge Stang har midlertidig fritak. Samtidig gjer dagens situasjon at Geir Kjell Andersland som einaste medlem av Fylkestinget ikkje har fast plass i eit utval.

Dersom permisjonen blir innvilga, vil då Geir Kjell Andersland rykke opp som fast medlem/nestleiar i Hovudutval Kultur i Gunhild Berge Stang sin permisjonsperiode.

Eg vil samtidig på vegne av Venstre be om følgjande suppleringsval av varalister som følgje av desse endringane:

Ny 3. vara til Fylkesutvalet (og andre utval som følgjer av dette): Geir Kjell Andersland

Ny 3. vara til Hovudutval Næring: Åsta Årøen

Ny 3. vara til Hovudutval Kultur: Torstein Tvinnereim

Med desse suppleringsvala blir ikkje kjønnsfordelinga på varalistene endra i noko utval.

Eg vonar søknaden kan innvilgast, og handsamast på Fylkestinget 9.-10. juni.

Med beste helsing

Alfred Bjørlo, Venstre

---

Saksnr: 2019/11-35  
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	18/20	08.06.2020
Fylkestinget	76/20	09.06.2020

**Val til styre m.m. i selskap, stiftingar og verneområdestyre - valperioden 2019-2023**

Forslag til innstilling

**1. Val til styre i stiftingar**

Førde Internasjonale folkemusikkfestival - styret:

Medlem (styreleiar):

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

Stiftinga Singerheimen - styret:

Medlem:

Varamedlem.

Medlem:

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

**2. Val til ulike utval, styre, råd og organisasjonar m.m.**

Naustdal-Gjengedal Verneområdestyre - suppleringsval

Kandidat 1:

**3. Oppnemning til organ i aksjeselskap**

Lutelandet Utvikling AS - valnemnda

Medlem:

Sogn og Fjordane Holding AS - suppleringsval styret

Medlem:



## Samandrag

Fylkestinget har tidlegare i år og i desember i fjor gjennomført dei fleste av vala til ulike styreverv o.l. Oppnemningane og vala er samanfatta i eit valregister som er sortert på organisasjonsform og i alfabetisk rekkefølge. Valregisteret er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider: <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/politikk/valregister-2019-2023.pdf>

I denne saka legg fylkesrådmannen fram sak om val som tidlegare er utsette, to suppleringsval og oppnemning av ein valnemndsmedlem i eit aksjeselskap.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget har tidlegare i år og i desember i fjor gjennomført dei fleste av vala til ulike styreverv o.l. Oppnemningane og vala er samanfatta i eit valregister som er sortert på organisasjonsform og i alfabetisk rekkefølge. Valregisteret er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider:

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/politikk/valregister-2019-2023.pdf>

I denne saka legg fylkesrådmannen fram sak om val som tidlegare er utsette, to suppleringsval og oppnemning av ein valnemndsmedlem i eit aksjeselskap.

Saka gjeld val og innstillingar til følgjande organ:

#### *Stiftingar:*

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival  
Stiftinga Singerheimen

#### *Verneområdestyre.:*

Naustdal-Gjengedal Verneområdestyre

#### *Aksjeselskap :*

Lutelandet Utvikling AS  
Sogn og Fjordane Holding AS

### Vedtakskompetanse

Det er fylkestinget som har fullmakt til å innstille eller velje medlemar til eksterne organ, jf. reglement for fylkestinget, punkt 2.4.6. Valnemnda gjev innstilling i saker om val, der avgjerda om valet ligg til fylkestinget, jf. reglement for valnemnda.

### Generelt om vala

For informasjon om generelle reglar som gjeld for dei ulike vala, syner fylkesrådmannen til tidlegare saksutgreiingar, t.d.:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=2145&caseType=CasesFremlegg&registryEntryId=59608&sourceDatabase=>

### Om det einskilde valet

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival [www.fordefestival.no/](http://www.fordefestival.no/)

Valet vart først lagt fram for fylkestinget 03.03.20.

Fylkestinget skal velje tre medlemmer, med kvar sin varamedlem, til styret i stiftinga. Ein av medlemmane skal oppnemnast som styreleiar.

Merk: Styret si funksjonstid er to år, og inneverande styreperiode går fram til og med 31.12.20.

Styremedlemane fylkestinget vel no, skal såleis ikkje tre inn i verva som styremedlemar før 01.01.21.

Etter vedtektene kan ingen sitje samanhengande som styremedlem i meir enn åtte år.

For perioden 01.01.19 - 31.12.20 har Sogn og Fjordane fylkeskommune tidlegare peika ut følgjande til styret:

Medlem: Gunn Åmdal Mongstad (attval)  
Varamedlem: Jakob Andre Sandal (attval)  
Medlem: Johan Kjærstad (ny)  
Varamedlem: Anne Lilleaasen (ny)  
Medlem: Arne Osland (styreleiar - ny)  
Varamedlem: Liv Judit Straume (attval)

Stiftinga Singerheimen, Olden <http://ny.singerheimen.no/>

Valet vart først lagt fram for fylkestinget 03.03.20.

Stiftinga er i ein vanskeleg økonomisk situasjon og ser på ulike moglegheiter for å betre stoda. Sogn og Fjordane fylkeskommune sendte ut varsel om oppstart av fredningssak for Dalheim - Singerheimen den 20.05.19. Det er inngått intensjonsavtale mellom stiftinga og Musea i Sogn og Fjordane, der målet er å finne løysingar for museal drift av anlegget.

Fylkestinget skal velje heile styret; fem medlemmer med personlege varamedlemer.

Stryn kommune har høve til å føreslå to av dei fem medlemene dersom kommunen yter faste tilskot til stiftinga. Kommunen har i brev til Sogn og Fjordane fylkeskommune 29.11.19 kome med framlegg om følgjande personar til dei to verva:

Medlem: Jostein Fredheim  
 Varamedlem: Anne Margrete Tonning  
 Medlem: Margunn Skarstein  
 Varamedlem: Ragnhild Lunde

Styret har i dag slik samansetjing:

Medlem: Åsne Folstad  
 Varamedlem: Jon Olav Kvamme  
 Medlem: Stig Vattekar  
 Varamedlem: Ingeborg Lysne Mcevoy  
 Medlem: Yngve Brakstad  
 Varamedlem: Jakob Andre Sandal  
 Medlem: Jostein Fredheim  
 Varamedlem: Anne Margrethe Tonning  
 Medlem: Margunn Skarstein  
 Varamedlem: Ingfrid Dårflot

#### Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - suppleringsval

I brev av 02.09.19 bad Miljødirektoratet fylkeskommunen om å innstille nye representantar til nasjonalpark- og verneområdestyra som forvaltar verneområda i fylket:

*«Fylkeskommunen skal være representert med ett medlem fra fylkestinget/fylkesrådet, og bes om å innstille en kvinne og en mann blant fylkestingets/fylkesrådets faste medlemmer. De kommunene/fylkeskommunene som er representert i flere nasjonalpark-/verneområdestyrene må innstille representanter til alle styrene hvor det framgår hvilket styre representantene er innstilt til. [...] Miljødirektoratet vil så snart vi har fått svar fra kommunene/fylkeskommunene reoppnevne nasjonalpark-/verneområdestyrene på bakgrunn av forslagene som er kommet fra kommunene/fylkeskommunene. Miljødirektoratet vil følge anbefalingene fra kommuner/fylkeskommunene så langt det er mulig, jf. dog at sammensetningen av styret skal følge kravene til kjønnsfordeling i likestillingsloven § 28. Vi ber derfor også om at kommunene/fylkeskommunene angir om de innstilte representantene er ført opp i prioritert rekkefølge.»*

Den 17.12.19 innstilte fylkestinget Gunhild Berge Stang som førstekandidat og Frank Willy Djuvik som andrekandidat til Naustdal-Gjengedal verneområdestyre.

Miljødirektoratet oppnemnte i januar følgjande personar til styret:

Frå Gloppen kommune:  
 Karoline Bjerkeset personleg vara: Olav Fuglestrand

Frå Sunnfjord kommune:  
 Marius Dalin personleg vara: Siv Karin Hestad

Frå Vestland fylkeskommune:  
 Gunhild Berge Stang personleg vara: Frank Willy Djuvik

Gunhild Berge Stang har i brev til verneområdeforvaltar 04.05.20 trekt seg frå vervet, i samband med at ho har tiltrådd stilling som statssekretær. Miljødirektoratet opplyser at det vanlege i slike saker er at oppnemningsorganet, som i dette tilfellet er fylkeskommunen, gjer eit suppleringsval og sender namnet til Direktoratet, som igjen gjer den formelle oppnemninga.

Sidan dei to andre styrerepresentantane er ei kvinne og ein mann, så har det ikkje noko å seia kva kjønn den nye representanten er.

Meir informasjon om verneområdestyra finst her: <http://www.nasjonalparkstyre.no/Om-styrene/>

#### Lutelandet Utvikling AS

Selskapet sitt føremål er å arbeide for utnytting av Lutelandet til næringsføremål, samt arbeide for næringsutvikling i regionen rundt Lutelandet.

Fylkestinget peikte i mars ut to medlemmer til styret i selskapet, Sigrid Brattabø Handegard og Terje Sletten-Hansen. Desse vart valde som styremedlemar på generalforsamlinga i selskapet 20.05.20.

Selskapet si valnemnd skal, ifølgje vedtektene § 8, også ha ein representant frå fylkeskommunen. Dei andre to valnemdsmedlemene representerer kommunane i regionen rundt Lutelandet.

På generalforsamlinga i selskapet i mai fekk fylkeskommunen i oppgåve sjølv å oppnemne ein valnemdsmedlem som representerer fylkeskommunen i valnemnda.

#### Sogn og Fjordane Holding AS - suppleringsval

Selskapet sitt føremål er investeringsverksemd; under dette kjøp og sal av aksjar, andelar, konsesjonskraftrettar og fast eigedom, og anna verksemd som står i samband med dette.

Vedtektene § 5 seier følgjande om samansetjinga av styret:

*«Selskapet skal ha eit styre med fem medlemmer. Styremedlemene tenestegjer i fire år. Styreleiaren skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 1. januar 2020.*

*To av medlemene veljast av eigarane av aksjeklasse B. Dei andre vert valde på generalforsamlinga og minst ein av dei skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 1. januar 2020...»*

Styret i selskapet er i dag samansett slik:

<b>Medlemar valde av generalforsamlinga etter forslag frå fylkeskommunen:</b>	<b>Medlemar valde av eigarane av aksjeklasse B (kommunane):</b>
Jenny Følling (leiar) Hilmar Høl Bjørn Erik Hollevik	Per Jarle Myklebust Gunn Åmdal Mongstad
Varamedlem: Trude Brosvik	Varamedlem: Anne Kristin Førde

Bjørn Erik Hollevik har tidleg i 2020 trekt seg frå vervet, fordi det er i konflikt med vervet som leiar av kontrollutvalet i Kinn kommune. Varamedlem Trude Brosvik har difor møtt i styret så langt i 2020.

Det er etter dette behov for at Vestland fylkeskommune føreslår ein ny styremedlem. Vedkomande skal formelt veljast på generalforsamlinga i selskapet 29.06.20.

#### **Vurderingar og verknader**

**Økonomi:** Ikkje direkte relevant.

**Klima:** Ikkje direkte relevant.

**Folkehelse:** Ikkje direkte relevant.

**Regional planstrategi:** Ikkje direkte relevant.

---

Saknr: 2019/11-25  
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Valnemnda		08.06.2020
Valnemnda	19/20	08.06.2020
Fylkestinget	77/20	09.06.2020

**Utpeiking av kandidatar til styret i Valen Kraftverk AS**

Forslag til innstilling

Forslag om medlemmer til styret i Valen Kraftverk AS:

Medlem (styreleiar):

Medlem:

Medlem:

**Samandrag**

Saka gjeld utpeiking av styremedlemer i Valen Kraftverk AS. Fylkeskommunen sin eigarposisjon i selskapet er til vurdering, og det har difor vore føremålstenleg å utsetje utpeikinga av styremedlemer.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget har tidlegare i år og i desember i fjor gjennomført dei fleste av vala til ulike styreverv o.l. Oppnemningane og vala er samanfatta i eit valregister som er sortert på organisasjonsform og i alfabetisk rekkefølge. Valregisteret er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider:

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/politikk/valregister-2019-2023.pdf>

I denne saka legg fylkesrådmannen fram sak om oppnemning til styret i Valen Kraftverk AS. Fylkeskommunen sin eigarposisjon i selskapet er til vurdering, og det har difor vore føremålstenleg å utsetje oppnemninga av kandidatar så lenge som råd denne våren. For meir informasjon om eigarskapsvurderinga, sjå eiga meldingssak til fylkestinget om dette.

Vedtakskompetanse

Det er fylkestinget som har fullmakt til å innstille eller velje medlemar til eksterne organ, jf. reglement for fylkestinget, punkt 2.4.6. Valnemnda gjev innstilling i saker om val, der avgjerda om valet ligg til fylkestinget, jf. reglement for valnemnda.

Om val til styre i aksjeselskap

Aksjelova (asl.) inneheld krav som fylkestinget bør kjenne til når ein skal peike ut medlemar til styre i aksjeselskap.

Det er generalforsamlinga i eit selskap som vel styremedlemar og som fastset om det også skal veljast varamedlemar, jf. asl. § 6-3.

For selskap der kommunar og fylkeskommunar eig til saman minst to tredjedelar av selskapet, er det krav om representasjon av begge kjønn i styret, jf. kommunelova § 21-1 jf. aksjelova § 20-6. Uavhengig av lovkravet, bør fylkeskommunen legge til rette for representasjon av begge kjønn i styret i aksjeselskap.

Om utpeikinga av kandidatar til styret i Valen Kraftselskap AS

Valen Kraftverk AS vart etablert i 2003 og har som føremål å produsere og omsetje energi, i tillegg til anna verksemd knytt til desse områda, m.a. deltaking i andre verksemder med liknande føremål.

Fylkeskommunen eig 100 % av selskapet, og fylkesordføraren utgjer, som fylkeskommunen sin faste eigarrepresentant, generalforsamlinga. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er finansielt, og fylkeskommunen sin strategi for selskapet er å drive kraftomsetnad og auke innteninga. Selskapet leiger administrative tenester og driftstenester frå Kvinnherad Energi AS.

I vedtak den 14.07.17 bad fylkestinget i Hordaland fylkeskommune fylkesrådmannen om å vurdere den framtidige eigarskapen i selskapet, m.a. sal. Fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune engasjerte THEMA Consulting Group AS til å gjere ein gjennomgang og verdivurdering av selskapet. Det same konsulentselskapet har nyleg gjort ei vurdering av om det noverande tidspunktet er eit gunstig tidspunkt for å selje seg ut/ned av selskapet. Fylkesrådmannen si vurdering av vidare eigarskap vert omtala i ei eiga meldingssak til fylkesutvalet og fylkestinget.

Ifølgje vedtektene i selskapet skal styret ha tre medlemar. Styremedlemene vert valde for eitt år om gongen på den årlege generalforsamlinga i selskapet. Dette er ikkje i vegen for at dei styremedlemene fylkestinget no peikar ut, vert sitjande heile fylkestingsperioden.

Styret er i dag samansett slik:

Ernst Johnny Stiansen (styreleiar)  
Guro Klyve  
Sigrid Helene Aardal

I Hordaland fylkeskommune var det praksis for administrativ oppnemning av styremedlemer i selskapet, og dersom det er ønskeleg å halde fram med denne praksisen, kan fylkestinget delegere oppgåva til fylkesrådmannen.

Vedtektene stengjer ikkje for attval.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje direkte relevant.

**Klima:** Ikkje direkte relevant.

**Folkehelse:** Ikkje direkte relevant.

**Regional planstrategi:** Ikkje direkte relevant.



---

Saksnr: 2019/11-37  
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	20/20	08.06.2020
Fylkestinget	78/20	09.06.2020

**Val av representant til hovedkomitè for U23 EM i friidrett i Bergen i 2021**

Forslag til innstilling

Fylkestinget gjer val om slik representant til hovedkomiteen for U23 EM i friidrett i Bergen i 2021:

.....

**Samandrag**

Vestland fylkeskommune skal ha ein representant i hovedkomiteen for U23 EM i friidrett i Bergen i 2021.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune skal ha ein representant i hovedkomiteen for U23 EM i friidrett i Bergen i 2021.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer val av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar, institusjonar o.l., jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.6.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

Norges Friidrettsforbund har bede Vestland fylkeskommune om å nemne opp ein representant til hovedkomiteen for U23 EM i friidrett i Bergen i 2021.

Konklusjon

Fylkestinget nemner opp ein representant til hovedkomiteen for U23 EM i friidrett i Bergen i 2021.